



Innkalling
av
Råd for eldre og funksjonshemma

Møtedato: 26.11.2018
Møtestad: Formannskapsrommet
Møtetid: 11:00 - 12:00

Eventuelle forfall må meldast via Møteportalen (politikarportalen). Ordføraren må og få melding om forfall til møter.

Varamedlemmer møter berre etter nærare avtale.

Sakliste

Saknr	Tittel
001/2018	Godkjenning av innkalling og saksliste
002/2018	Godkjenning av møtebok
003/2018	Orienteringssaker
004/2018	Budsjett og økonomiplan 2019 - 2022

20. november 2018

Jo Bjarte Tømmerbakke
møteleiar

Ove Sæbø
sekretær

Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Anneli Vatle Lilletvedt		18/241

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
001/2018	Råd for eldre og funksjonshemma	PS	26.11.2018

Godkjenning av innkalling og saksliste

Forslag til vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent

Saksopplysningar:

Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Jo Bjarte Tømmerbakke		18/241

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
002/2018	Råd for eldre og funksjonshemma	PS	26.11.2018

Godkjenning av møtebok

Forslag til vedtak:

Møtebok vert godkjend slik ho ligg føre

Saksopplysningar:

Vedlegg:

Protokoll - Råd for eldre og funksjonshemma - 20.11.2017

Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Anneli Vatle Lilletvedt		18/241

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
003/2018	Råd for eldre og funksjonshemma	PS	26.11.2018

Orienteringssaker

Forslag til vedtak:

Sakene vert tekne til orientering

Saksopplysningar:

Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Magne Verpelstad	FE - 151	18/255

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
004/2018	Råd for eldre og funksjonshemma	PS	26.11.2018
	Administrasjonsutvalet	PS	
	Arbeidsmiljøutval	PS	
041/2018	Formannskapet	PS	27.11.2018
	Kommunestyret	PS	

Budsjett og økonomiplan 2019 - 2022

Forslag til vedtak:

1. Modalen kommune sitt budsjett og økonomiplan 2019-2022 vert vedteke slik det ligg føre i tråd med budsjett- og økonomiplandokumentet.
2. Eigedomsskatt 2019:
 - a. For eigedomsskatteåret 2019 vert det skrive ut eigedomsskatt med heimel i eigedomsskattelova § 3 fyrste ledd bokstav c: «berre på Kraftverk, vindkraftverk, kraftnettet og anlegg omfatta av særskattereglane for petroleum».
 - b. Den alminnelege eigedomsskattesatsen i Modalen kommune er 7 promille, jfr eigedomsskattelova § 11 fyrste ledd
 - c. Eigedomsskatten for 2018 forfell til betaling i 2 terminar: 31. mars og 30. september, jfr eigedomsskattelova § 25
 - d. Klagenemnda for eigedomsskatt har kompetanse til å handsama klager etter § 19 i eigedomsskattelova, jfr § 20 i eigedomsskattelova.
 - e. Det skal utførast ny alminneleg taksering 2019
3. Låneopptak frå Husbanken til vidareformidling vert fastsett til kr 1 000 000 for 2019. Rådmannen har fullmakt til å gjennomføre låneopptaket.
4. Låneopptak til finansieringa av investeringar 2019 vert fastsett til kr 7 500 000 for 2019. Rådmannen har fullmakt til å gjennomføre låneopptaket.
5. Betalingsassar for 2019 vert vedteke i tråd med vedlegget: Modalen kommune – Betaling for kommunale tenester 2019

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Rådmannen legg fram sak om budsjett og økonomiplan 2019 – 2022 til handsaming i formannskapet.

Formannskapet skal handsame framlegget og gje innstilling til vedtak i kommunestyret.

Vurdering

Det vert vist til vedlagte dokument:

Modalen kommune – Økonomiplan 2019-2022 og årsbudsjett 2019 – Rådmannen sitt framlegg.

Dei økonomiske rammene for kommunen har vorte strammare dei seinare åra. Det er særleg nedgang i eigedomsskatteinntekt som har ført til strammare økonomi. På bakgrunn av nye prognosar for eigedomsskatteinntekta knytt til kraftproduksjon, er botnen truleg nådd for denne gongen. Det er venta noko høgare inntekt i 2019 enn 2018, og vidare i planperioden er det venta ytterlegare oppgong.

Den økonomiske stoda er framleis relativt stram, og det har òg vore behov for å finne tiltak for å redusere utgiftene i budsjettåret 2019. I dette arbeidet har leiarane i alle avdelingar vore aktivt involvert. Vidare i planperioden er det mål om mest mogleg stabilitet i rammeløyvingane og drifta. Det er venta auke i eigedomsskatteinntekta framover, men det vil òg komme auka utgifter i drifta i planperioden, m.a. som følge av finansiering av nytt nærings- og tenestesenter.

Det har vorte vedteke endringar knytt til eigedomsskatt på Verk og bruk. Endringane så langt vil ikkje gje store endringar knytt til eigedomsskatteinntekta for Modalen kommune sidan kraftproduksjonsanlegg og kraftlinjer er unntatt frå endringane.

Skatt og rammetilskot er definert som dei frie inntektene til kommunen. Det er venta ein nominell vekst i inntekt frå skatt/rammetilskot med om lag 3,1 %. Dette er noko over venta løns- og prisvekst, og vil vere tilstrekkeleg til å finansiere eit driftsnivå om lag på linje med 2018.

Salderinga av budsjettet for 2019 omfattar m.a. dette for dei ulike rammeområda:

Felles/sentrale postar:

- Premieavvik

1. Bruk av inntektspost av rekneskapsteknisk karakter kr 2,0 mill
2. Inntekta skal utgiftsførast fordelt over dei neste 7 åra (amortisering)
- Bruk av inntektspost av rekneskapsteknisk karakter kr 2,0 mill
- Inntekta skal utgiftsførast fordelt over dei neste 7 åra (amortisering)
- Avdrag
 1. Vidareføring av redusert avdragsbetaling kr 1,0 millionar tilsvarande 2018 (tidlegare kr 1,5 mill)
 2. NB: Auka avdrag i planperioden
- Vidareføring av redusert avdragsbetaling kr 1,0 millionar tilsvarande 2018 (tidlegare kr 1,5 mill)
- NB: Auka avdrag i planperioden
- Småinvesteringar i drift
 1. Det er ikkje rom for eiga løyving til småinvesteringar slik som fram til 2017
 2. Slike tiltak/innkjøp må prioriterast innanfor ordinær budsjetttramme for dei einsskilde avdelingane
 3. Det er likevel lagt inn 2 tiltak/prosjekt som er flytta frå investeringsframlegget med løyving på til saman kr 570 000.
 4. Utstyr/maskiner til reinhald kr 120 000
 5. VA-Vatn og avlaupsplan kr 450 000
- Det er ikkje rom for eiga løyving til småinvesteringar slik som fram til 2017
- Slike tiltak/innkjøp må prioriterast innanfor ordinær budsjetttramme for dei einsskilde avdelingane
- Det er likevel lagt inn 2 tiltak/prosjekt som er flytta frå investeringsframlegget med løyving på til saman kr 570 000.
- Utstyr/maskiner til reinhald kr 120 000
- VA-Vatn og avlaupsplan kr 450 000
- Avsetjing til disposisjonsfond
 1. I 2019 er budsjettet saldert ved å redusere avsetjinga til disposisjonsfond.
 2. Reduksjon i tilskot til Mo sokn - kr 35 000
 3. Reduksjon på midlar til vikar/ekstrahjelp - 50 000
 4. Reduksjon i midlar til IKT-innkjøp – 35 000
 5. Reduksjon i andre innkjøpspostar – 50 000
 6. Reduksjon i midlar til kurs/kompetanseheving/vidareutdanning/etterutdanning (for heile kommunen) – 80 000
 7. Reduksjon i midlar til kjøp av tenester frå andre kommunar – 200 000
 8. Samla kutt kr 450 000
 9. I tillegg vert stillinga som utviklingssjef (50 %) halde vakant i 2019 på same måte som 2018
 10. Etter saldering utgjer budsjetttramma 2019 98,7 % av budsjetttramma for 2018
 11. Kultursjefstilling vakant
 12. Generelle kutt i kulturbudsjettet
 13. Reduksjon i ramma til Modalsdagane: Redusert program. Auka sårbarhet m.o.t været knytt til publikumstal
 14. Reduksjon i marknadsføringsmidlar: Overgang frå tradisjonell marknadsføring (avisannonser) til digital marknadsføring i ulike sosiale medier
 15. Samla kutt kr 250 000.
 16. Etter saldering utgjer budsjetttramma 2019 88,7 % av budsjetttramma for 2018
 17. Auka løyving då talet på brukarar og samla sosialhjelpsutbetalingar har auka
 18. Løyvinga 2018 er for låg i høve til reelle behov slik situasjonen er no
 19. Samla kutt kr 0
 20. Etter saldering utgjer budsjetttramma 2019 113,6% av budsjetttramma for 2018
 21. Reduksjon i midlar til pedagogressurs: Gjev mindre høve til delingstimar og

ressursar til spesialundervisning

22. Samla kutt kr 350 000
23. Etter saldering utgjer budsjetttramma 2019 101,9 % av budsjetttramma for 2018
24. Auka brukarbetaling til maks.pris.
25. Samla innsparing kr 100 000
26. Etter saldering utgjer budsjetttramma 2019 107,3 % av budsjetttramma for 2018
27. Reduksjon i lønsmidlar: Auka press på tilsette. Risiko for auka sjukefråvær.
28. Reduksjon i løyving til medikamenter: Auka sårbarhet knytt til brukarar med samansette diagnoser aukar, og med det auka kostnad til medikament
29. Reduksjon i løyving til mat: Knytt til redusert tal på brukarar
30. Reduksjon i midlar til kjøp av inventar: Ikkje oppgradering av medisinerom. Rommet er i dag lite tenleg, og utan avtrekksvifte for blanding av antibiotika. Ikkje nye møblar i fellesareal og personalrom. Møblane er slitt. Stolar har hol i setene.
31. Reduksjon i midlar til kjøp av inventar
32. Vonar elles effekt av pågåande prosessar knytt til drifta
33. Samla kutt utgjer kr 500 000
34. Etter saldering utgjer budsjetttramma 2019 100,5 % av budsjetttramma for 2018
35. Auka inntekt gjennom fokus på aktiv bruk av takstar og innkrevjing av eigedelar for personar som ikkje møter til time
36. Reduksjon i reiseutgifter ved å innskrenke tilbod om køyring av personar.
37. Restriktiv praksis knytt til vikarbruk ved sjukdom og permisjon
38. Samla kutt/innsparing utgjer kr 100 000.
39. Etter saldering utgjer budsjetttramma 2019 105,4 % av budsjetttramma for 2018.
40. Reduksjon av midlar til vedlikehald av bygg/bustader: Ikkje gunstig å kutte/utsetje nødvendig vedl.hald. Utfordrande framover, jfr at vedlikehaldsbehovet til Bryggjeslottet vil auke
41. Reduserer behovet ved å selge bustader og redusere vedlikehaldsbehovet
42. Alternativet til vedl.haldskutt vil vere kutt i bemanninga
43. Generelle kutt/innsparingar i etaten
44. Samla kutt utgjer kr 350 000
45. Etter saldering utgjer budsjetttramma 2019 106,7 % av budsjetttramma for 2018

I 2019 er budsjettet saldert ved å redusere avsetjinga til disposisjonsfond.

Rådmannen/sentraladm:

- Reduksjon i tilskot til Mo sokn - kr 35 000
- Reduksjon på midlar til vikar/ekstrahjelp - 50 000
- Reduksjon i midlar til IKT-innkjøp – 35 000
- Reduksjon i andre innkjøpspostar – 50 000
- Reduksjon i midlar til kurs/kompetanseheving/vidareutdanning/etterutdanning (for heile kommunen) – 80 000
- Reduksjon i midlar til kjøp av tenester frå andre kommunar – 200 000
- Samla kutt kr 450 000
- I tillegg vert stillinga som utviklingssjef (50 %) halde vakant i 2019 på same måte som 2018
- Etter saldering utgjer budsjetttramma 2019 98,7 % av budsjetttramma for 2018

Kultur:

- Kultursjefstilling vakant
- Generelle kutt i kulturbudsjettet
- Reduksjon i ramma til Modalsdagane: Redusert program. Auka sårbarhet m.o.t været knytt til publikumstal
- Reduksjon i marknadsføringsmidlar: Overgang frå tradisjonell marknadsføring (avisannonser) til digital marknadsføring i ulike sosiale medier
- Samla kutt kr 250 000.
- Etter saldering utgjer budsjettramma 2019 88,7 % av budsjettramma for 2018

Sosial og barnevern:

- Auka løyving då talet på brukarar og samla sosialhjelpsutbetalingar har auka
- Løyvinga 2018 er for låg i høve til reelle behov slik situasjonen er no
- Samla kutt kr 0
- Etter saldering utgjer budsjettramma 2019 113,6% av budsjettramma for 2018

Skule:

- Reduksjon i midlar til pedagogressurs: Gjev mindre høve til delingstimar og ressursar til spesialundervisning
- Samla kutt kr 350 000
- Etter saldering utgjer budsjettramma 2019 101,9 % av budsjettramma for 2018

Barnehage:

- Auka brukarbetaling til maks.pris.
- Samla innsparing kr 100 000
- Etter saldering utgjer budsjettramma 2019 107,3 % av budsjettramma for 2018

Pleie og omsorg:

- Reduksjon i lønsmidlar: Auka press på tilsette. Risiko for auka sjukefråvær.
- Reduksjon i løyving til medikamentar: Auka sårbarhet knytt til brukarar med samansette diagnoser aukar, og med det auka kostnad til medikament
- Reduksjon i løyving til mat: Knytt til redusert tal på brukarar
- Reduksjon i midlar til kjøp av inventar: Ikkje oppgradering av medisinerom. Rommet er i dag lite tenleg, og utan avtrekksvifte for blanding av antibiotika. Ikkje nye møblar i fellesareal og personalrom. Møblane er slitt. Stolar har hol i setene.
- Reduksjon i midlar til kjøp av inventar
- Vonar elles effekt av pågåande prosessar knytt til drifta
- Samla kutt utgjer kr 500 000
- Etter saldering utgjer budsjettramma 2019 100,5 % av budsjettramma for 2018

Kommunelege:

- Auka inntekt gjennom fokus på aktiv bruk av takstar og innkrevjing av egedelar for personar som ikkje møter til time
- Reduksjon i reiseutgifter ved å innskrenke tilbod om køyring av personar.
- Restriktiv praksis knytt til vikarbruk ved sjukdom og permisjon
- Samla kutt/innsparing utgjer kr 100 000.

- Etter saldering utgjør budsjetttramma 2019 105,4 % av budsjetttramma for 2018.

Teknisk etat:

- Reduksjon av midlar til vedlikehald av bygg/bustader: Ikkje gunstig å kutte/utsetje nødvendig vedl.hald. Utfordrande framover, jfr at vedlikehaldsbehovet til Bryggjeslottet vil auke
- Reduserer behovet ved å selge bustader og redusere vedlikehaldsbehovet
- Alternativet til vedl.haldskutt vil vere kutt i bemanninga
- Generelle kutt/innsparingar i etaten
- Samla kutt utgjør kr 350 000
- Etter saldering utgjør budsjetttramma 2019 106,7 % av budsjetttramma for 2018

Konklusjon

Budsjetttrammene er saldert for å finansiere ei drift i tråd med inntektene i 2019. Økonomiplanen er saldert for å finansiere ei drift i tråd med dei årlege inntektene, og for å gje rom for auka finansutgifter knytt til finansiering av nytt nærings- og tenestesenter.

Det vert elles vist til budsjett- og økonomiplandokumentet med tekst og tabellar, både driftsdelen og investeringsdelen.

Vedlegg:

Budsjett - Økonomiplan 2019-2022 - Rådmannen sitt framlegg

Budsjett Mo Sokn 2019

Modalen kommune - Betaling for kommunale tenester 2019

Statsbudsjett2019